

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar og aktivitetstønad i Lærdal gjeldande frå 01.03.2016

1. Generelle reglar

- 1.1. Kommunalt tilskot kan gjevast til alle lag som driv kulturarbeid innan kommunen. Aktivitetar for barn og unge vert prioriterte.
- 1.2. Kulturarbeid som vert drive regionalt kan også få stønad dersom det har positiv verknad for innbyggjarane i Lærdal, og ikkje kjem inn under andre støtteordningar.
- 1.3. Organisasjonar som arbeider for medlemmane sine yrkesinteresser eller økonomiske interesser, samt partipolitiske organisasjonar, har ikkje rett til stønad.
- 1.4. Lærdal kommune kan også gje stønad til tiltak som konsertar, utstillingar, kulturkveldar eller andre kulturaktivitetar. Søknad må vere motteken seinast ein månad før aktiviteten vert avvikla.
- 1.5. Alle lag som søker stønad pliktar å legge fram sine vedtekter, budsjett og rekneskap. Leiar må underteikne søknaden. Ufullstendige søknader vert avslagte.

2. Grunnstønad

Alle lag og organisasjonar som kjem inn under punkt 1, og har minst 15 medlemmer, kan søkje grunnstønad. Stønaden vert utrekna slik:

- 2.1. For dei fyrste 50 barn/ unge under 18 år: kr 100,- per medlem
For dei neste barn/ unge under 18 år: kr 50,- per medlem

- 2.2. For dei fyrste 50 vaksne medlemene: kr 50,- per medlem
For dei neste 250 vaksne: kr 25,- per medlem

3. Tilskot til arrangement, aktivitet, prosjekt og opplæring

I tillegg til grunnstønad, kan lag/ organisasjonar søkje om stønad til arrangement og andre kulturtiltak, deltaking på kurs, eller spesielle prosjekt.

- 3.1. Aktiviteten må vere med i laget sin årsplan.
- 3.2. Budsjett må vere lagt ved søknaden
- 3.3. Stønaden kan ikkje overskride 50% av kostnadene ved arrangementet
- 3.3.1. Ved deltaking på kurs/ konferansar kan 50% av kostnadene inntil kr 5.000,- verte dekt.

4. Nyskipling av lag

Lag som vert skipa kan søkje om stønad på opp til kr 2.000,-.

5. Avgjerdsmynde

Samla tildeling av kulturmidlar skal handsamast i Formannskapet

Søknadsfrist for kulturmidlar er 15.04. kvart år. Dette vert lyst ut i lokalpressa og Lærdal Kommune om lag 14 dagar før.